

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **4. februar 2020** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leing av utvalsleiar Ola S. Apeland. Han viste til at i etterkant av møtet var det invitert til workshop i regi av KPMG om de nye planane.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 17.45 (workshop kl. 19.45)
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Marit Hølland Gjedrem (Sp), Emly Årvik (A) og Svein Terje Brekke (KrF)
MØTANDE VARAMEDLEM	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud og Bjørg Rabbe Sandven, KPMG AS, Bergen
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje til kl. 17.45 Ordførar Sigmund Lier (kl. 18.00 -18.50) og utvalsleiar Birgith Lilleskog (kl.18.00-19.45) under workshop
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Leiar og nestleiar meldte sak under Eventuelt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.12.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 02.12.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 04.02.20:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.02.20:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 02.12.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/20 PLAN FOR ORIENTERINGER OM RESULTATOMRÅDA OG STABSFUNKSJONAR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 12.05.20
Møtet 09.06.20
Møtet 15.09.20
Møtet 10.11.20
1. møte 2021
2. møte 2021
3. møte 2021
4. møte 2021
5. møte 2021

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 04.02.20:

Utvalet drøfta saka og blei samd om val av dei leiarane dei ønskte skulle bli invitert i 2020. Utvalsleier gjorde framlegg om at utvalet venta med 2021 og at dei fekk ei ny sak til hausten. Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.02.20:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 12.05.20</i>	<i>Kommunalsjef oppvekst og kultur</i>
<i>Møtet 09.06.20</i>	<i>Barnevernsleiar</i>
<i>Møtet 15.09.20</i>	<i>Kommunalsjef helse og omsorg</i>
<i>Møtet 10.11.20</i>	<i>Økonomisjef</i>

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 3/20 VAL AV FORVALTINGSREVISJONSPROSJEKT I 2020

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for kvalitetssikring i plan- og byggesaker» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/evt. med desse endringane: Ramma vert sett til 220 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 04.02.20:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisorane blei bedne om å orientere om tidlegare framlagt prosjektplan. Dei gjekk så igjennom aktuelle problemstillingar og bruk av metode.

Utvalsleiar gjorde framlegg om revisor også kunne sjå på saker der kommunen er tiltakshavar. Dette for å sjekke om det vert stilt same krav til kommunen som til privatpersonar. Utvalet slutta seg til framlegget. Rapport blei lova ferdig før sommaren.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.02.20:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for kvalitetssikring i plan- og byggesaker» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre, og med tillegg om at KPMG også ser på saker der kommunen er tiltakshavar.

Ramma vert sett til 220 timar.

SAK 4 /20 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2019.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.02.20:

Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram. Årsmeldinga blei så underskriven av medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.02.20:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2019.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 5/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.02.20

1. Statusrapport pr. februar 2020
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2019
3. KPMG - Orienteringsbrev om oppstart av arbeidet med ROV-vurderingar og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll – workshop 17.03.20
4. Fylkesmannen i Rogaland – informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2020
5. Fylkesmannen i Rogaland – tilsynskonferanse 14.02.20
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 27.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
8. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
9. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20
10. Tilbakemelding/evalu. - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20 på Gardermoen

11. Haugesunds Avis 04.12.19 om regelbrot ved to Tysværskoler
12. FM - tilsynsrapport 18.12.19 - trygt og godt skulemiljø - Frakkagjerd ungdomsskole
13. FM - tilsynsrapport 18.12.19- trygt og godt skulemiljø – Tysværvåg b- og ungd.skole
14. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Referatsakene nr 1 – 14 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval vil be rådmannen i møtet 12.05.20 orientere om kommunen sin oppfølging av rapportene om brot på opplæringslova kap. 9a og det vidare arbeid innan dette område.

Handsaming i kontrollutvalet 04.02.20:

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet ville vente å drøfte skulesakene til dei hadde fått ei orientering i maimøtet . Utvalet hadde elles ingen spesielle merknader

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.02.20:

Referatsakene nr 1 – 14 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval vil be rådmannen i møtet 12.05.20 orientere om kommunen sin oppfølging av rapportene om brot på opplæringslova kap. 9a og det vidare arbeid innan dette område.

EVENTUELT

Deltaking på FKT-konferansen 3.- 4.juni

Nestleiar K. Larsen viste til utsending frå sekretariatet og ønskte å delta, då programmet i år virka svært interessant. Mellom anna var barnevernet, eit blant fleire viktige tema. Utvalet var samd i at følgande deltakarar vert meldt på: Karsten Larsen, Marit H. Gjerdrem og Svein Terje Brekke.

Bruk av sosiale medier

Utvalsleiar ville oppmode utvalet til å opptre ryddig og at medlemmene tenkte seg godt om før dei kommenterte enkeltsaker. Utvalet tok oppmodinga til orientering.

Neste møte: tysdag **12. mai** 2020, kl. 18.00

Aksdal, 4. februar 2020

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær